

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 08.01.2019

Til stades: Gunnar Dalseth, Marta Samland, Angunn Handegard Trå, Sigmund Eiken, Thorleif Gjernes, Kenneth Vikane, Jan-Tore Huus og Kaia Gulbrandsen

Meldt forfall: Liv Bente Steiro

Referent: Kaia

Sak 2019/1: Godkjenning av innkalling og dagsorden; godkjent.

Sak 2019/2: Godkjenning av referat frå styremøte 11.12.18; godkjent

Sak 2019/3: Samtale med valkomitéen for 2019;

Marta, Kenneth, Kaia og styreleiar Gunnar står på val, samt vararepresentantar Jan Tore, Liv Bente og Birthe. Angunn og Thorleif har eit år igjen av sin periode. Sigmund gjekk inn i plassen til Aud Berit Garnes som vart vald inn for to år i 2018, men trakk seg frå styret. Han sit i denne plassen ut perioden. Marta vart vald inn fast for berre eitt år som fast vararepresentant. Frå valnemda møtte Kjellaug Hoås Samland og Hans Magnar Samland. Styret gjorde reie for kva ynskjer og behov dei ser for det neste styret. Valnemda får skriftleg oversikt over valet til årsmøte 2018 snarast.

Sak 2019/4: Tilstellingar;

- Evaluering av romjulsbasaren; brutto: 40670,- (manglar rekning frå butikken). Er det for mange aktivitetar i anledning jula? Diskutere fordeling av basarar og liknande arr gjennom året på planleggingsmøte 22.01.19. Fire rundar med årsal ok, det burde vore ein pause midt i for prat og kaffi, litt meir luft mellom rundane. Er det ein ide med auka pris på årane for å ha bruk for færre årar? Tusen takk til alle som støtta oss med gevinstar og kjøp av lodd og årar!
- Organisering av koordinering og planleggingsmøte 22. januar kl.19.00 på Herand kulturhus. Gunnar sender ut mail med ein «kraftig oppmoding» til alle lag, hus og verksemder om å stille, med gjerne to representantar. Alle som lager til arrangement i bygda og andre interesserte må gjerne komme på møtet. Det vert kveldsmat.
- Fastsetting av viktige arrangement i 2019: Årsmøte i Herand bygdelag vert søndag 17. mars kl. 16.00. Herandsdagar; tas til planleggingsmøte 22.01.

Sak 2019/5: Egedomar, investeringar;

- Herand Kraft vurderer å fortsette å leige barnehagelokala i to år. Vedtak: Me tilbyr vidare leige til kr 4500,- pr måned inkl. vask og straum.
- Status reparasjons / vedlikehaldsarbeid. Arbeid på dragar i leskur er ferdig, ingen overraskingar oppe i taket. Dei to toaletta i leskuret vert gjort om til eitt lagerrom og det vert sett inn ein dør.
- Stønad frå Marine Harvest på kr 50.000,- til lyd/lys/bilete er utbetalt.

Sak 2019/6: Økonomi / stønad / fristar;

- Presentasjon av førebels rapport for 2018. Revisjon kan starte. Revidert rekneskap vert lagd fram for årsmøtet.

- Betaling av abonnement for bygdebladet,; her må me finne eit system som unngår rot. Oppmode abonnentar om betaling på e-post/SMS, fakturere resterande etterkvart.
- Endring av arbeidsavtale med reinhaldar grunna overgang til AFP med inntektsgrense.

Sak 2019/7: Andre saker;

Utvikling av sentrum: På måndag kveld før styremøtet var det eit idé møte om utvikling av bygda for turistar. Utvikling av parkeringsareal ved sida av Meieriet vart teke opp. Kommunen har vedteke å kjøpe badeplassen og eit areal ved Meieriet frå Tveiten Gard.

Sak 2019/8: Eventuelt;

- Sklia i akebakken; denne er farleg slik den nå er, me tar den vekk for vinteren og monterer den opp att på vårdugnaden.

Neste styremøte tysdag 12.02.19 kl. 19.00 på Herand kulturhus.